

Hovden: tysdag 11.12

Kl. 17:30 - Julenissens datter
(Norsk tale (6 år))

Bykle: onsdag 10.01

Kl. 18:00 - Julenissens datter
(Norsk tale (6 år))



Joletrefest Bykle

3.joledag, 27. desember. Kl. 17:00

Ta med noko jolebakst, så vert det song, leik og rundt joletreet!



Arr: Bykle sokneråd

Jolekonsert - Wikstøl og Tidlø

Jolekonsert i Valle kyrkje med Martin Wikstøl og gruppa Tidlø.



Sundag 16.des kl.20:00

Harlem Spirit of Gospel

Flott konsert med Harlem Spirit of Gospel.
Bygland kyrkje fredag 7.desember kl.19 . Billett kr 300

Konsert med Henrik West


Orgelmeditasjon med Henrik West i Valle kyrkje søndag 9.desember kl 19:00



Terminliste langrenn 2018-19

Bykle IL, Hovden Sportsklubb og Valle IL arrangerer Øvre Setesdal Cup med renn i Bykle, på Hovden og i Brokke. I tillegg arrangerer Bykle IL i samarbeid med Valle Sparebank karusellrenn i Bykle lysløype.

Alle renn starter kl. 18:00. Vel møtt!



www.bykleil.no

Øvre Setesdal Cup

11.12.18 Fristil Hovden
08.02.19 Klassisk Bykle
22.01.19 Klassisk Brokke
05.02.19 Klassisk Bykle
12.02.19 Fristil Brokke
05.03.19 Fristil Hovden

Valle Sparebank karusellrenn

29.01.19 Fristil
26.02.19 Fristil/skimerkeprøve
12.03.19 Fristil/skimerkeprøve
19.03.19 Klassisk

Turrenn

23.02.19 Støyledalslåmi - Bykle
09.03.19 Sesilåmi - Brokke
16.03.19 Hovdentour - Hovden
20.03.18 Klassisk

Øvre Setesdal Cup: Alle over 7 år som deltek i minst 4 renn får premie (1 renn på kvar stad—det 4 rennet er valfritt)

Valle Sparebank karusellrenn: deltaking i 2 av 4 renn gjev premie.



Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Sundag 2.des kl 10.00: gudsteneste Bykle kyrkje med prost Gunnar Ellingsen, ofring til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt Stefanusalliansen.

Sundag 16.des kl.17.00: ljosomesse i Bykle kyrkje med prost Gunnar Ellingsen og Bykle musikkorps, Bykle og Fjellgardane barnekor og Bykle songlag.

Jolekvelden 24.des kl 13.30: jolegudsteneste i Hovden grendehus med prost Gunnar Ellingsen.

Jolekvelden 24.des kl 15.00: jolegudsteneste i Bykle kyrkje med prost Gunnar Ellingsen.



Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Adventssamling i Fjellgardane kyrkje

Sundag 9.desember kl.16.00 vert det adventssamling. Jolesoga, graut, pynte joletre og lage noko jolepynt. Alle velkomne! Gjerne påmelding til Merete eller Else Gyro.
Arr: Fjellgardane sundagsskule

Joletrefest Hovden grendehus

5.joledag, 29.desember kl.17.00. Ta med noko jolebakst, så vert det andakt, song og rundt joletreet!

Arr: Bykle sokneråd



Julehelsing frå ordføraren

2018 blei eit begivenhetsrikt år for Bykle kommune, og som ordførar har eg ikkje kjeda meg!

I haust vitja Fylkesmannen og staben hans Bykle kommune. Han gav oss si vurdering av kommunen, og eg sat og kjente at vi har mykje å vere stolte av. Vi har god bemanning og kompetanse i tenestene våre, lågt sjukefråver, høg deltaking i frivillige organisasjonar, ja, det er mykje å glede seg over. Men sjølve eksamen for kommunen sine innbyggjarar kom 12. juli, midt i fellesferien, for då starta skogbrannane!

Det eg fekk oppleve av innsats, samhold og hjelp var heilt fantastisk, - for eit eksamensresultat! Innsatsen vakte oppsikt langt utafor kommunen sine grense. Slik skal det gjerast!

Dei store utfordringane for Bykle ligg utafor kommunen. Stikkord er sentralisering. Små distriktskommunar kjempar ein tøff kamp for å behalde noko av den store verdiskapinga som skjer i distrikta. Sentrale krefter ynskjer å fjerne inntekter kommunane har på til dømes vasskraft, noko som er djupt urettferdig. Olav M. Holen si bok «Nordbygda- slik ho var» gir ei skildring av noko av prisen kommunen har betala for velstandsauka storsamfunnet har hatt fordi naturressursane i distrikta har blitt nytta. I oktober 2019 legg eit såkalla ekspertutval fram forslag til endringar for kraftskatteordningane. Vi held pusten, dette vil ikkje gane kommunar som Bykle. Her kjem kampen til å stå i åra som kjem!

14. oktober blei Ingebjørg Tveiten 100 år, og eg blei invitera til å feira ho saman med familien. Tenk, Ingebjørg vart fødd den hausten fyrste verdskrig slutta! For ei utvikling Ingebjørg har opplevd, frå armod, spanskesjuka herja og gjennomsnittleg levealder var under 60 år. I dag skal born leve i snitt 100 år seier Statistisk sentralbyrå. Kva slags samfunn vil dei oppleve?

Vi veit ikkje så mykje om framtida, men det vi i Bykle veit det er at små, trygge lokalsamfunn har ein stor verdi. Vi veit at mange av våre unike kvalitetar skyldes vi som vel å bu i Bykle, slik ynskjer vi at det skal vere også dei neste 100 åra.

Eg ynskjer dykk alle ei god og fredfull jul, så skal vi saman få eit godt nytt år!

Jon Rolf Næss
Jon Rolf Næss
Ordførar

Velkomen til adventsfest 2. desember

Det blir underhaldning, kaker, kaffe og brus i Bykle samfunnshus søndag 2. desember, kl. 17:00.

Kan hende nissen kjem òg...?

Helsing Adventskomiteen



Strikkekafe

Fjellgardane husflidslag inviterer til strikkekafe kvar tysdag kl. 19 i Husflidsgaragen (bak Little Thai). Mogleg å få kjøpt seg kaffi/te og av og til ein kakebit.

Siste strikkekafe før jul vert 11/12. Følg husflidslaget på Facebook for endringar/ informasjon.

Arr: Fjellgardane Husflidslag



Bykle Frivilligsentral

Bykle Frivilligsentral er no i gang med si verksemd. Til no har vi hatt byttedagar i Bykle og på Hovden, bygdemiddag og kafe med vaflar og kaffe. Vi har snart bytte- og lånelager på plass. Her kjem meir informasjon seinare. Ungdomskaféene i Bykle og på Hovden er og snart klare til oppstart.

Bykle Frivillig sin møteplass «Kafe for alle» er stasjonert i Bykle, Sarvsvegen 12, og ligg i same bygg som vaksenopp-læringa. Her kan du utveksle idear, sjå kva for tenester som frivillige i kommunen kan gje, og du kan sjølv stille med hjelp til andre som frivillig. Samstundes serverast vaflar og kaffe. Kaféen er open kvar måndag i frå 1100-1500 for alle.

Sjå heimesida www.bykle.frivilligsentral.no og Facebooksida «Bykle Frivilligsentral»

Kontakt Harald von Krogh Alfstad for spørsmål/innspel (harald.von.krogh@bykle.kommune.no, tlf 91718300).





Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Første Byklaren i 2019, kjem ut fyrste veka i januar. Frist for innsending av stoff er 15. desember.

OBS: ny e-post adresse for innsending av stoff.

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 3.12 kl. 18:00

Formannskapet: 4.12 kl. 18:00

Kommunestyret: 6.12 kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

«Shadow» i desember:

I desember blir det pakkeverkstad i staden for vanleg klubb. Klubbkveldane er for alle i alderen i frå 5. – 12. klasse. Ta med gåver du skal pakke inn og kom på klubb til pakkeverkstad. Klubben serverar julestemning med pepparkaker og julebrus.

Bykle: 12.desember kl 1730-2000

Hovden: 19. desember kl 1730-2000

Hovden grendehus jul/nyttår

Opningstidene for Hovden grendehus i perioden 17.12-01.01 er:

17. - 21. desember, mån-fre	9. - 16.
24. - 26. desember, mån-on	Stengt
27. - 28. desember, to-fre	9. - 16.
31. desember - 1. januar	Stengt

Bykle samfunnshus jul/nyttår

Opningstidene for Bykle samfunnshus i perioden 17.12-01.01 er:

17. - 20. desember, mån-tors	12. - 17.
24. - 26. desember, mån-on	Stengt
27. desember, tors.	12 - 17.
31. desember - 1. januar	Stengt

Har du lånt krykker fra legekantoret?

Legekantoret i Bykle har lånt ut krykker til byklarar og hyttebyklarar gratis, men no vil vi ha krykkene som ikkje er i bruk tilbake.

Har du krykker ståande, så kan du levere dei på dagtid /setje deg utanfor hovudinngangen til Hovden Helsehus på kvelds-tid.

Svømming og badstoge i Bykle

Kvar onsdag gjennom skuleåret utanom skuleferiane, er det svømming/badstoge på samfunnshuset i Bykle. Tilbodet er gratis.

Program:

Kl. 16.30 – 17.30: Familiebadning; badning / leik for alle
Kl. 17.30 – 17.45: Svømming (trening / svømmemerker)
Kl. 17.45: : Alle under 16 år må opp av bassenget
Kl. 18.00 – 19.00: Vaksensvømming (f.o.m. 16 år)

Retningslinjer:

- Alle skal vaske kroppen utan badetøy, med såpe, før ein går i vatnet. Bruk kun badetøy i bassenget (ikkje undertøy).
- Barn under 10 år må vere saman med føresette og er deira ansvar. Barn som ikkje kan symje må fylgjast av ein vaksen.
- Det er ikkje lov å stupe frå land. Det er ikkje lov å springe på land.
- Unødig uro og herjing er ikkje lov.

Bykle helsesenter—fotpleiar

- Fotpleiaren kjem 13/12 -18. Om du ynskjer time, ring Bente på 37938650/655.

Opningstider for rådhuset jul/nyttår

I romjola er opningstidene på rådhuset frå kl.10.00 til 14.00

Opningstider for legekantoret jul/nyttår

Legekantoret i Bykle er stengt. Legekantoret på Hovden har ope som vanleg alle kvardagar.

Det vil vere legevakt utanom opningstid.

Ta kontakt med lege på:

Legevaktllf. 116 117. Naudnummer: 113.

NB: Hugs å vere tidleg ute med å tinge medisn!!



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån – fre: 08:00 – 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Tømekalender

Restavfall: 19.12

Matavfall: 5.12

Glas/metall, papir og plast: 5.12

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddelsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time.



Julegrantenning og julemarknad

Det vert julegrantenning og julemarknad på Hovden laurdag 1.desember. Julemarknaden er frå kl. 13 i Hovden sentrum. Julegrantenninga startar kl. 17. Lokale artistar synger jula inn, og nissen kjem!

Vi oppmodar alle; bygdefolk, hyttebyklarar og sentrumsbutikkane om å pynte skikkeleg til jul i år.

Det vert kåring av årets julehus/butikk/hytte på Facebook! Bilete leggst inn på Julebyens Facebook-side innan 10.desember. Avstemming er fram til 20.desember. Kåringa skjer på Julebyen si Facebook-side.

Vi ønskjer alle ei fin adventstid!

Arr: Julebyen Hovden

Boksirke

Neste Boksirke-treff vert onsdag 9/1 kl. 19 på biblioteket på Hovden. Vi les og diskuterer boka *Historien om Pi*. Biblioteket kan hjelpe deg med å skaffe boka. Det er plass til nye medlem .



Bygdekveld på samfunnshuset

Den tradisjonelle bygdefesten i Bykle vert arrangert torsdag 20.desember klokka 17.30 Vi startar med kaffi og kaker i gymsalen. Kl. 18:00 vert det som vanleg ulike programslag med barn og elevlar frå barnehage, kulturskule og skule. Alle er hjarteleg velkomne!

Arr: Bykle barne- og ungdomsskule, Bykle barnehage og Bykle kulturskule



Julekonsert med Kim Rysstad

15. desember kl. 17:00 på Hovden grendehus


Velkommen til julekonsert med Kim Rysstad «Snøen laver ned» er ein turné basert på utgjevinga som kom i desember i fjor i digitalt format, som no i haust også kom som cd-utgåve.

Innspilling var ein storproduksjon, blant anna med London Philharmonic Orchestra. Den vart skildra som «årets vakreste julealbum» og fekk svært gode kritikk-ar. Til å framføre songar frå albumet på Hovden, har han med seg Knut Ingolf Brenna på gitar og Jakob Lund Paulsen på piano.

Billett kr. 250,- kan kjøpast på www.ebillett.no/hovden eller i resepsjonen på Hovden grendehus.

Jolegåve?

Boka *Tamreindrift i Setesdalsheiane*, som Kjell Bitustøyl har skrive, er mellom anna å kjøpt på Hovden grendehus, Bykle rådhus, Coop Bykle og turistinformatjonen på Hovden for 350 kr.



Nye treningsdrakter Bykle IL

Treningsdraktene er levert ut til de fleste som har bestilt. Dei som ikkje har hentet kan kontakte Lars Erik Domaas. Ny forsendelse er på veg.

Prisar: vaksen dress 1000 kr, barnedress 500 kr, lue (blå eller rosa) 200 kr, pannebånd (blå eller rosa) 150 kr og treningsvest dame/herre 500 kr.

Fekk du ikkje bestilt, eller treng du fleire til julegaver, så ta kontakt med Lars Erik på lars-erik.domaas@istorm.no

